



BACHELOROPPGÅVE

Ein kvalitativ studie av digital mobbing som eit utfordrande fenomen

Kva særtrekk finst ved den digitale mobbinga og korleis jobbar skulen med førebygging og samarbeid? Kven har ansvar når det meste går føre seg etter skuletida?

Av

Marte Hansen Lomheim

Kandidatnummer: 115

A qualitative study of cyberbullying as a challenging phenomenon in school.

GLU 5-10

PE379

Mai 2015



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gir med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva (Skriv inn tittel) i Brage dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

kandidatnummer og namn

JA NEI

Innhald

1.0 Innleiing.....	4
1.1 Bakgrunn for val av tema	4
1.2 Problemstilling.....	4
2.0 Metode	5
2.1 Kvalitativ metode	5
2.2 Informantar	6
2.3 Intervju som verktøy	6
2.4 Gjennomføring og analyse av data.....	7
2.5 Moglege feilkjelder.....	7
2.6 Etiske omsyn.....	9
3.0 Teori.....	9
3.1 Kva sær preg finst ved den digitale mobbinga?	9
3.2 Førebygging av digital mobbing	10
3.2.1 Kven har ansvar når digital mobbing skjer?.....	12
3.2.2 Samarbeid med foreldre og andre aktørar.....	12
3.2.3 Samtale med elevane om åtferd og farar på nett.....	13
4.0 Resultat og drøfting.....	14
4.1 Sær preg ved den digitale mobbinga	14
4.2 Kven har ansvaret?	15
4.3 Førebygging som ein viktig faktor	16
4.3.2 Samarbeid med heim og andre aktørar	17
4.3.3 God kommunikasjon med varme og imøtekommande tillitspersonar.....	18
4.3.4 Mangel på kunnskap og kompetanse om elevane si digitale verd.....	21
5.0 Oppsummering og konklusjon	22
6.0 Litteratur	24
7.0 Vedlegg	26
7.1 Infoskriv	26
7.2 Intervjuguide	27
7.2.1 Rektor	27
7.2.2 Kontaktlærar	28

1.0 Innleiing

I 2014 hadde 94 % av alle barn i alderen 9–16 år tilgang til ein mobiltelefon, og heile 83 % hadde tilgang til en smarttelefon (NOU 2015:2, 2015, s.80). Ein smarttelefon har som funksjon at ein enkelt kan kople seg til alt Internettet har å by på. Dette gir eit inntrykk av at norske barn er aktive nettbrukarar, med Internett som ein integrert del av kvardagen. Ei slik form for nettbruk vert nytta både til leik, innhenting av informasjon og relasjonsbygging, som dei fleste barn har positive opplevingar med. Likevel finst det sider ved den digitale verda som opnar for ekskludering, utstøyting, trakassering og mobbing som i staden gjer dei digitale opplevingane til eit mareritt for dei som vert utette for dette.

Fenomenet digital mobbing har nye sider som ikkje har vore tilfelle ved den tradisjonelle mobbinga, og desse særtrekka vil vere nyttig for meg som lærar og klasseleiar å kjenne til. Ettersom det er eit relativt nytt fenomen som har vokse i takt med den enkle tilgangen til Internettet som unge har i dag, finst det lite forsking innan området. Derfor har eg valt å forske på erfaringane til ein bestemt skule, der eg vil intervju rektoren og ein kontaktlærar for å få realistiske og konkrete opplevingar rundt emnet.

1.1 Bakgrunn for val av tema

Digital mobbing er ei mobbeform som ikkje vert avgrensa til ein bestemt stad på eit bestemt tidspunkt, som heller ikkje er avhengig av at mobbaren og mobbeofferet møtest ansikt til ansikt. I staden kan denne forma for trakassering skje når som helst og kor som helst, og fører til at dei som vert utsette for handlingane, aldri vert skjerma. Slike handlingar, som for det meste finn stad etter at elevane har reist heim frå skulen, fører til at lærarar får problem med å avdekkje situasjonar. Som framtidig lærar må eg derfor vite om både farar ved fenomenet, og korleis eg på best mogleg måte kan jobbe med å førebygge. Derfor fann eg ut at den beste måten å tilegne meg lærdom innan emnet var å snakke med personar som støyter på problemet i skulekvardagen.

1.2 Problemstilling

På bakgrunn av val av tema har eg formulert følgjande problemstilling:

- Kva særtrekk finst ved den digitale mobbinga som gjer den utfordrande for lærarar å avdekkje, og korleis jobbar skulen med førebygging og samarbeid?
- Kven har ansvaret når mesteparten av den digitale mobbinga føregår etter skuletid?

2.0 Metode

Metode er eit verktøy som kan brukast som ein framgangsmåte får å finne svar på spørsmål eller ny kunnskap innanfor eit område (Larsen, 2007). Vi nyttar metode både til å skaffe informasjon om den røynda vi er ute etter å finne ut av, og til å tolke informasjonen vi etter kvart har skaffa oss. Dermed blir metoden verktøyet du brukar til å forske (Christoffersen & Johannessen, 2012). I samfunnsvitskapen skil vi mellom to metodar: kvalitativ og kvantitativ. I oppgåva mi har eg valt å bruke kvalitativ metode.

2.1 Kvalitativ metode

Ei kvalitativ undersøking går ifylge Larsen (2007) ofte djupt til verks ved å samle inn mange opplysningar om få einingar. Målet i slike undersøkingar er ofte å oppnå forståing. Kvantitative metodar, som til dømes spørjeskjema med svaralternativ, er derimot lite fleksible. Dei er fordelaktige dersom ein ynskjer å samanlikne svara på tvers av samanhengar og deltakarar (Christoffersen & Johannessen, 2012).

I oppgåva mi har eg valt eit tema der eg vil sjå på korleis tilsette ved ein skule opplever utfordringar med digital mobbing. Då er det mest interessant å nytte ein metode som opnar for å gå djupt inn i temaet, slik at ein kan finne både forståing og samanheng. I kvalitative metodar er menneskelege erfaringar og synspunkt vesentlege, derfor er intervju ei form for kvalitativ metode som høver godt i forskingsarbeidet. I denne metoden får informantane større fridom til å uttrykkje seg og komme med eigne meningar (Christoffersen & Johannessen, 2012).

2.2 Informantar

Ettersom problemstillinga mi tek utgangspunkt i korleis ein bestemt skule opplever utfordringar med digital mobbing, valde eg å intervju to deltagarar frå same skule, men med ulike stillingar.

Deltakarane mine var rektoren ved skulen i tillegg til ein kontaktlærar på ungdomsskulen. På denne måten får eg moglegheit til å lære om utfordringane skulen opplever både i eit skuleperspektiv og i eit kontaktlærarperspektiv. Fordi eg ønskjer å gå litt i djupna med kvart intervjuobjekt, har eg valt å bruke to informantar frå same skulen. I eit meir omfangsrikt prosjekt ville det vere interessant å samanlikne resultat frå fleire ulike skular, men ei inkludering av for mange informantar ville ikkje ha tillate meg i å gå like djupt til verks her. Hensikta med oppgåva mi var ikkje å samanlikne, men å gå detaljert inn i korleis ein bestemt skule arbeider mot digital mobbing, og få informasjon om deira subjektive erfaring.

Informantane har eg tildelt fiktive namn, slik at dei vert anonymiserte. For å få mest mogleg relevant informasjon frå intervjuobjekta, valde eg informantar med minst 10 års erfaring frå skulen. Dessutan er det større sjanse for at dei som har jobba der ei stund, lettare ser kva som er spesielt med digital mobbing kontra tradisjonell.

Arvid er rektoren ved skulen, han er i 40-åra og har jobba som rektor i over 10 år. Bjarne er kontaktlærar, er i 50-åra og har jobba som lærar i over 20 år. Eg valde informantar frå ein skule med kombinert barne- og ungdomsskule, der ingen av klassane er delte opp i parallelklassar.

2.3 Intervju som verktøy

Kvalitative intervju kan nyttast overalt og er ein fleksibel metode som opnar for fyldige og detaljerte beskrivingar (Christoffersen & Johannessen, 2012). Dette er derfor ei tilnærming som passar undersøkinga mi ettersom det er denne typen data eg er ute etter. Hadde eg valt ein kvantitativ metode, med til dømes eit kvantitativt spørjeskjema, ville eg mest truleg ikkje ha fått like utfyllande informasjon. Dermed ville det blitt vanskeleg å forsvare problemstillinga mi på den måten som er mest interessant.

Eg starta med å lage ein intervjuguide til eit delvis semistrukturert intervju. Denne typen intervju har ein overordna intervjuguide som utgangspunkt, medan spørsmål, tema og rekkefølgje kan variere (Christoffersen & Johannessen, 2012). Intervjuguiden skulle fungere som eit hjelpemiddel til

intervjua, for å få oversikt over dei ulike tema eg ville belyse. Dette var ein tryggleik for meg som intervjuar når eg fekk notat å sjå på. Eg fekk òg ei større sikkerheit om at dei eg intervjuia, svara på det eg trong til problemstillinga mi. Sjølv om eg ville prøve å utforme spørsmåla til begge informantane så like som mogleg, var det likevel spørsmål som måtte tilpassast slik at dei passa rollene deira. Derfor laga eg to ulike guidar: ein til rektoren og ein til kontaktlæraren. Spørsmåla eg utforma, var opne slik at intervjuobjekta kunne svare utfyllande og reflekterande. Eg starta med nokre generelle spørsmål til begge informantane som handla om deira tolkingar av digital mobbing, før eg gjekk vidare med spørsmål som tok føre seg utfordringar og måtar å førebygge på.

Når det gjeld presentasjon av funna eg har gjort gjennom intervjeta, har eg valt å strukturere denne delen gjennomgåande ved å underbygge funna mine med teori. På denne måten får ein gjort det relevant for teorien heile vegen samtidig som det vert enklare å sjå korleis teorien samsvarar med funna eg har gjort på ein oversiktleg måte.

2.4 Gjennomføring og analyse av data

Eg kontakta informantane via e-post, der dei fekk tilsendt detaljert informasjon om intervjet (sjå vedlegg 7.1). I denne e-posten fekk informantane vite temaet til oppgåva, slik at dei fekk ei viss aning om kva intervjet kom til å handle om. Under intervjet nyttet eg taleopptaksfunksjonen på telefonen min, slik at eg kunne nytte tida til å høre godt etter og delta i samtalen.

Kvalitative analysar har som mål å utvikle ei forståing av spesifikke forhold, eller å komme fram til teoriar om bestemte samanhengar (Grønmo, 2004). I etterkant av intervjeta måtte eg transkribere materialet frå taleopptakaren. Det gjorde eg ved å lytte, pause og notere inn ordrette formuleringar på datamaskin. Eg gjorde dette fordi eg tykkjer det er enklare å sile ut stoffet etter at alt er nedskrive. Til slutt sorterte eg resultata i passande kategoriar, og plasserte dei saman med høvande teori. Så starta drøftinga, som ved hjelp av denne arbeidsmetoden vart ein oversiktleg måte å bearbeide funna på.

2.5 Moglege feilkjelder

Validitet og reliabilitet er omgrep som fortel om kor påliteleg dataarbeidet er. Ifylgje Christoffersen &

Johannessen (2012) er det viktig å vere bevisst på om resultatet inneheld feilkjelder og om det er påverka av metodane som er nytta. Dei hevdar vidare kor viktig det er i all forsking, at dei data som vert samla inn er pålitelege. Dette er eit spørsmål om reliabiliteten. Reliabiliteten seier noko om nøyaktigheita til dei dataa som er funne i undersøkinga. Dette gjeld med tanke på kva data som vert brukt, måten den vart samla inn på og korleis den vert arbeidd med i etterkant

Eg nytta to representantar frå same skule, noko som betyr at resultatet av undersøkinga mi berre gjeld for denne eine skulen. Dessutan har eg gjort funn i undersøkinga som er eit resultat av at skulen ligg i ei lita bygd der "alle kjenner alle" og der lærarane omgåst elevane på andre arenaer enn på skulen. Dette har resultert i eit godt og tillitsfullt klassemiljø blant elevar og lærarar. Eit slikt resultat er det ikkje sikkert eg ville ha oppnådd dersom eg hadde intervjuat lærarar og rektorar frå ein skule i ein større by.

Ein annan faktor som utfordrar pålitelegheita, kan vere sjølve transkriberinga. Denne prosessen er gjort så grundig som mogleg med ordrette formuleringar. Likevel inneheld ikkje det skriftlege materialet lydar. Derfor er ein ikkje i stand til å høre toneleiet til informanten, og heller ikkje eventuelle pausar som kan tyde usikkerheit og tvilande kjensler. Eg har derfor nytta mange direkte sitat frå informantane mine, med ordrette formuleringar, slik at gjengivinga skal verte så nøyaktig som mogleg, som derfor aukar reliabiliteten etter mitt skjønn.

Validiteten i undersøkinga seier noko om kor gyldige dei innsamla dataa er og kor relevant dei er for å representere det fenomenet som vert undersøkt (Christoffersen & Johannessen, 2012). Fortel dataa det dei skal fortelje, og kor mykje samsvar er det er mellom det som skal undersøkast og målinga av dette? I undersøkinga mi, kan eg i denne samanhengen spørje kor relevante resultata frå intervjuat mine er for temaet mitt om digital mobbing. Validiteten er høg dersom undersøkingsopplegget og datainnsamlinga resulterer i data som er relevante for problemstillinga (Grønmo, 2004).

Validiteten er låg dersom vi forskar på noko som ikkje stemmer med det problemstillinga vil vite (Grønmo, 2004). Ifylgje Christoffersen & Johannessen (2012) kan ein måte å svekke validiteten på vere å stille spørsmål som ikkje svarar på problemstillinga, ved å til dømes nytte formuleringar som kan tolkast på fleire måtar. Eg har derfor prøvd å auke validiteten i intervjuat mine ved å stille opne spørsmål med formuleringar som er vanskelege å misforstå, plassert etter tema.

2.6 Etiske omsyn

Under arbeid med forsking, må etiske prinsipp ivaretakast (Larsen, 2007). Dette gjorde eg ved å omtnale informantane med fiktive namn for å ivareta anonymiteten, slik at det ikkje vert mogleg å identifisere verken namna deira eller skulen dei jobbar ved. Taleopptaka og intervjuet har eg oppbevart med kode, i tillegg til at eg har informert dei om at dei vert sletta etter bruk.

3.0 Teori

I dette kapittelet kjem eg til å forklare omgrepet digital mobbing satt opp mot tradisjonell mobbing, der eg vidare belyser særtrekk ved fenomenet. Deretter tek eg føre meg ulike måtar å jobbe med førebygging på, før eg til slutt vil sjå på skulen og foreldre sitt ansvar ved oppdaging og tilfelle av digital mobbing, og kor viktig og avgjerande det er med eit godt samarbeid mellom partane i slike tilfelle.

3.1 Kva særpreg finst ved den digitale mobbinga?

Forskinga på digital mobbing starta med utgangspunkt i forskinga på den tradisjonelle mobbinga, noko som fører til at digital mobbing må verte forstått som ei form for eller ein variant av mobbing. Sjølv om digital mobbing har fleire trekk til felles med tradisjonell mobbing, er det likevel eit spesielt fenomen (NOU 2015:2, 2015, s. 81). Ifylgje Samnøen (2014) er digital mobbing framleis eit relativt nytt fenomen, der forskarar enda ikkje har funne ein felles ståstad for fleire aspekt som er knytt til problemet.

Tradisjonell mobbing er ifylgje Olweus (1992) sin definisjon: "*når en person gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere andre personer*". På grunn av den digitale mobbinga sin eigenart, kommunikasjonskanalane som vert tekne i bruk, den umiddelbare formidlinga og fråværet av kontakt ansikt til ansikt, kan digital mobbing ha andre skildringar enn tradisjonell mobbing, og krev derfor ein annan definisjon (Samnøen, 2014). Ein slik definisjon er ifylgje Tokunaga (2010): "*digital mobbing er en hvilken som helst handling utført via elektroniske eller digitale medier av individer eller grupper, som gjentagende kommuniserer fiendtlige eller aggressive meldinger, som har til hensikt å påføre skade eller skape ubehag for andre*".

Samnøen (2014) hevdar at digital mobbing kan grupperast på to måtar, der den eine er etter mediet som vert nytta, som til dømes SMS, bildemeldingar og sosiale medium. Den andre er typen overgrep, som kan vere kranglar, trakassering, baksnakking, identitetstjuveri, forfylging, hets eller ekskludering.

Når det gjeld åtferda som vert knytt til den tradisjonelle mobbinga, skil den digitale mobbinga seg ut på fleire måtar. Eit vondsinna videoklipp kan nå eit stort publikum og spelast av fleire gonger, noko som fører til at mobbinga på ein måte vert repetert uavgrensa så lenge klippet ligg ute i offentlegheita. Dessutan er ikkje maktbalansen i digital mobbing avhengig av fysisk storleik og kan på den måten heller vere avhengig av betre ferdigheter i det teknologiske. Staksrud (2013) peika på moglegheita ein har til å vere anonym som ein slik ferdighet, der mobbarane til dømes kan sende anonyme kommentarar eller opprette falske profilar på sosiale nettverk.

Eit anna sær preg for den digitale mobbinga er at mobbarane har moglegheit til å trakassere offeret når som helst på døgeret, frå kor som helst. Dette gjer at digital mobbing framtrer på fleire ulike arenaer enn i skolemiljøet eller andre stader der tradisjonell mobbing går føre seg. Mobbarane treng ikkje å vere på same stad som offeret (Samnøen, 2014).

I den tradisjonelle mobbinga som føregår ansikt til ansikt, ser mobbaren offeret sin reaksjon, noko som er høgst sjeldan i den digitale verda. Der opptrer partane som regel separert, noko som betyr at mobbaren slepp å oppleve reaksjonen til offeret. Dette gir den som mobbar ein fordel på den måten at han kan kjenne mindre grad av skuldkjensle eller empati. Derfor kan det føre til at mobbinga held fram og åtferda kan verte forsterka (Samnøen, 2014). Staksrud (2013) illustrerer dette gjennom å sitere ein elev:

"Hvis man for eksempel er uvenner med noen, så er det mye lettere å krangle på et chatterom enn å krangle på ordentlig. Du kan si hva som helst(...)" (Staksrud, 2013, s. 41).

Ei siste side ved digital mobbing som eg vil ta opp, er at mobbing som føregår via digitale kommunikasjonsmiddel som til dømes nett eller mobil, gjer det mogleg å hente fram bevis på at mobbing og krenkingar faktisk har vore til stades. Eit sær preg som er typisk for Internettet, er at alt som vert lagt ut eller formidla de, kan lagrast. Sjølv om det har vore sletta, kan det hentast fram att og dermed dokumenterast (NOU 2015:2, 2015, s. 84).

3.2 Førebygging av digital mobbing

Digital mobbing utfordrar altså skulen på nye måtar. Det må vurderast korleis skulen, lærarar og andre vaksne kan være førebusse på å kjenne att fenomenet når det opptrer, for så å sette inn nødvendige tiltak. Det er ingen grunn til å tru at den digitale utviklinga vil stoppe. Desse media vil i framtida vere enda viktigare i eit oppvekstperspektiv enn det dei er i dag (NOU 2015:2, 2015, s. 81).

Ifylgje Post- og teletilsynet (2011) er det derfor viktig at skulane inkluderer digital mobbing i strategiplanane sine, og sørger for at fenomenet vert omtala i rutinane og handlingsplanane mot mobbing. Skulen må dessutan skaffe seg kunnskap og strategiar som kan nyttast for avdekking av mobbing og krenkingar på nettet, uavhengig av om det skjer heime, med mobiltelefon eller på datarommet i skuletida. Med dette meiner det at skulen treng å ta tak i problemet uansett kven ein meiner har ansvaret for mobbinga.

Staksrud (2013) poengterer at mobbing gjennom digitale medium kan vere mindre synleg både for føresette, lærarar og andre vaksne. Ein av grunnane til dette er at dei vaksne ofte ferdast i andre digitale rom og arena enn borna og elevane. Dei bør derfor lære om ulike nettsider og nettsamfunn som elevane nyttar. Både dei tilsette ved skulen og elevane må utvikle kunnskap og ferdigheiter slik at dei på ein effektiv måte kan reagere og vidare hjelpe dei som mobba digitalt.

Ein annan grunn er at borna og elevane er langt meir oppdaterte over det nye som kjem i form av både sosiale nettverk, forum og andre nettsider. Vaksne og lærarar kan føle at det er vanskeleg å henge med i den digitale verda som stadig tek nye høgder (Staksrud, 2013). Ifylgje Välimäki m.fl. (2012) er det så stort gap mellom dei digitale kunnskapane til elevane i forhold til lærarane, at det vert eit hinder når lærarane vil forsøke å hjelpe elevar som vert mobba digitalt. Det viser seg vidare at lærarar har ei oppfatning av at dei manglar sjølvtillit til å handtere digital mobbing, noko som kan føre til at lærarane ikkje kan hjelpe elevane i slike tilfelle.

Handlingsplanar og praksis ved skulen er viktig for å redusere mobbing. For det første gir det eit signal til heile skulemiljøet om at skulen engasjerer seg for å bidra til eit trygt og støttande skulemiljø. I tillegg gir det eit grunnlag for handlings- og åtferdsendring. Handlingsplanar må ta avstand frå- og rapportere mobbeåtferd, slik at skuletilsette kan reagere konsekvent og effektivt mot det. Dette vil vidare gi elevane tillit til at dei tilsette ved skulen konsekvent fylgjer opp rapportering om mobbing (Välimäki m.fl., 2012).

Välimäki m.fl. (2012) meiner at for å styrke forståinga av og engasjementet for handlingsplanar ved skular, er det viktig at desse vert utvikla i eit samarbeid mellom alle som er ein del av skulemiljøet. Det er i tillegg behov for at handlingsplanane vert promoterte både på og utan nett, til heile skulemiljøet. Dei må dessutan arbeidast med konsekvent og nyttast ved jamne mellomrom.

Økt bevissthet og undervisning om hvordan en kan forstå mobbing, og alternative måter å håndtere sosiale utfordringer på, er nødvendig for å utstyre hele skolemiljøet med kunnskapen og evnen til å forebygge, identifisere og respondere effektivt på mobbeatferd (Välimäki m.fl., 2012, s.13).

3.2.1 Kven har ansvar når digital mobbing skjer?

Digital mobbing kan forsterke ein allereie vanskeleg skulesituasjon, sidan det kan føregå lenge etter at skuledagen er slutt. Ei stor utfordring når ein skal behandle temaet digital mobbing, er difor grensegangane mellom skuletida og dei ulike fritidsarenaane. Digital mobbing er eit fenomen som kan oppstå på andre arenaar enn i skuletida. Skiljet mellom skuletida og fritidsarenaane er i dag delvis flytande for barn og unge, noko som kompliserer problemet om kven som har ansvaret for oppfylging av den digitale mobbinga. Mykje av forskinga på feltet har heller ikkje klart å tydeleggjere dette skiljet (NOU 2015:2, 2015, s. 80).

Verken foreldre, føresette eller lærarar ynskjer at barn og unge skal verte utsett for digital mobbing. I forordet til Opplæringslova (1995) vert det uttalt at *"skolen bare kan gi regler med virkning utenfor skolen så langt det kan begrunnes direkte i skolegangen. Ordensreglementet vil på den måten kunne ha bestemmelser om elevenes atferd på veg til og fra skolen, men ikke elevenes atferd i fritida for øvrig"* (NOU 1995:18, 1995, s. 227).

3.2.2 Samarbeid med foreldre og andre aktørar

Positiv involvering frå foreldre er ifylgje Välimäki m.fl. (2012) forbunde med mindre mobbeåtferd blant ungdommar. Det er nesten berre foreldra si involvering som har positiv effekt på åtferdsendinga til barna i Noreg, noko som betyr at foreldra må ha ei sentral rolle i å utforme tiltak mot den digitale mobbinga. Välimäki m.fl. (2012) hevdar vidare at elevar som opplever gode relasjoner støtte frå foreldra, har mindre sjanse for å verte involvert i mobbing. Alle medlemmer av skolemiljøet, både lærarar, foreldre og elevar, må derfor samarbeide for å motarbeide digital mobbing.

Siden mobbingen foregår utenfor skolen, kan det bli aktuelt å samarbeide med foreldre, politi og andre for å løse digitale mobbesaker. Mange elever som er utsatt for tradisjonell mobbing på skolen, er også utsatt for digital mobbing (Utdanningsdirektoratet, 2013).

I saker som handlar om digital mobbing, er det svært viktig at alle partar tek kontakt med kvarandre og jobbar i lag. I slike tilfelle er det ikkje eit spørsmål om når foreldra sitt ansvar sluttar og skulen sitt ansvar startar, men i staden korleis ein på ein fornuftig måte kan gjere digital mobbing til eit felles ansvar.

I tillegg til lærerens egen innsats for å redusere digital mobbing, er en fortløpende dialog mellom læreren og foreldrene en viktig bidragsyter til et positivt skolemiljø. Denne fortløpende kommunikasjonen bør bidra til å oppmunstre og hjelpe foreldre til en effektiv overvåking og kommunikasjon med barnet sitt om alle typer mobbing, spesielt digital mobbing, da dette er atferd som vanligvis foregår på fritiden (Välimäki m.fl., 2012, s. 16).

3.2.3 Samtale med elevane om åtferd og farar på nett

Det finst ifylgje Staksrud (2013) enkle og praktiske grep skulen kan gjere for å førebygge digital mobbing, som ikkje handlar om avanserte strategiar. Det handlar om det lærarane allereie er dyktige til, som å vere til stades, sjå barna, lære dei om reglar og normer samt gi dei kunnskap innan emnet. Mange lærarar er flinke til å snakke med elevgruppa si om korleis dei skal behandle andre menneske og vise respekt. Her bør samtalar om nettvett og åtferd på Internett kome inn sidan Internett er ein sjølvsagt del av kvardagen til dei unge.

Skolen må legge til rette for at "de vanskelige" samtalene knyttet til personvern, seksualitet og grensesetting tas opp på skolen (...) (Staksrud, 2013, s. 145).

Staksrud (2013) har utarbeidd 12 punkt som handlar om dette, der det sjuande punktet seier noko om kva opplæring om nettvett det vert anbefalt at lærarane bør gi elevane om digital mobbing:

(...)Det anbefales at opplæring i digital kompetanse i større grad fokuserer på aktive og konkrete håndteringsstrategier og verktøy som personvern og personvernsinnstillingar, hvordan be om hjelp, hvordan blokkere andre brukere og hvordan slette meldinger, og at dette knyttes direkte til de faktiske tjenestene barna bruker på skolen og i fritiden (Staksrud, 2013, s. 144).

For at ein skal kunne oppnå ein slik respons på digital mobbing, er det naudsynt med eit ope skulemiljø og ikkje minst ein støttande og tillitsfull atmosfære prega av retningslinjer for korleis miljøet forventar at ein reagerer og responderer på digital mobbing. I tillegg bidreg varme, imøtekommende, støttande og autoritative tilsette ved skulen til betre relasjonar og ikkje minst eit positivt skule- og klassemiljø (Välimäki m.fl., 2012).

4.0 Resultat og drøfting

I denne delen vil eg presentere funna eg har gjort gjennom intervju av rektor og kontaktlærar. Først tek eg føre meg kva særpreg som finst ved digital mobbing, før eg går vidare med kva som gjer den spesielt utfordrande. Til slutt vil eg peike på ulike metodar å førebygge på, i tillegg til å belyse kva eit godt samarbeid har å seie for å lykkast i kampen mot den digitale mobbinga.

4.1 Særpreg ved den digitale mobbinga

Både kontaktlærar og rektor definerte digital mobbing som gjentatt krenkjande åtferd, nedsetjande kommentarar og generelle handlingar som støyter folk via nett og mobil. Rektor meinte at det særeigne ved digital mobbing som skil den frå mobbing fjes til fjes, handlar om måten avsendar ordlegg seg på. Det vert ein heilt annan språkbruk via nett som gjer til at veldig mange tenkjer seg lite om kva ein som avsendar gjer ifrå seg. Denne påstanden stemmer med det eg belyste om særtrekk ved digital mobbing i kapittel 3.1. Mobbinga kan gå føre seg uavhengig av tid og stad, samtidig som mobbaren i slike tilfelle kanskje kjenner mindre grad av skuldkjensle og empati då han slepp å sjå reaksjonen til offeret.

Mobbing på digitale arena er enklare å utføre ettersom den kan gå føre seg på gute- og jenterommet berre ved å trykkje på ein knapp. Då har det ikkje nokon konsekvensar for mobbaren i augeblinken, men får det etterkvart som ting dukkar opp (Bjarne, kontaktlærar).

Verken kontaktlæraren eller rektoren ser digital mobbing som eit særleg aukande fenomen ved skulen sin. Bjarne poengterer at i fylge grunnskuleundersøkinga som er framme kvart år, er det ikkje alarmerande resultat frå deira skule med den digitale mobbinga. Begge understrekar at sjølv om det ikkje er eit direkte aukande problem, så er det eit utfordrande fenomen, og dei har hatt fleire tilfelle av alvorlege episodar. Bjarne fortel at enkelte av sakene dei har hatt oppe, har vore av såpass

alvorleg karakter at dei har måtta teke dei opp til administrasjonsnivå. Dette er til dømes saker med seksuell karakter, og dei har vorte slege hardt ned på. Rektor fortel om ei stygg sak:

6-7 namngjevne elevar trakasserte ein annan elev via nettet, noko me rulla opp og fekk utskrift av. Dette var ei veldig alvorleg og stygg sak med elevar som var kyniske mot ein medelev, og fekk veldig store konsekvensar som var involverte (Arvid, rektor).

I denne saka som rektoren fortel om, fekk lærarane tak i skriftleg logg av hendinga slik at dei fekk lagra det som bevismateriale. Dette handlar om det som blir hevda i NOU (2015:2, s. 84) om eit positivt sær preg ved Internettet, der samtalar og biletar som har vorte sletta, kan hentast fram att i seinare tid. Dersom ein greier å få tak i loggar med samtalar av støytande og trakasserande art, der namna til dei involverte er oppgitt, vil ein vere i stand til å kartleggje hendinga, alvorsgrada og vidare ei mogleg oppklaring.

Bjarne har opplevd ei liknande sak. Han presiserer at når situasjonen er oppdaga, nyttar han mykje tid på å samle inn informasjon, og at sjølv om ein greier å få tak i samtaleloggar, slik som rektoren fortalte om, er det ofte mange "bakmenn" involverte. Det kan til dømes vere klassekameratar som sit i bakgrunnen og siterer kva som skal skrivast, noko som ikkje kjem fram på loggen og derfor gir eit feilaktig bilet av situasjonen.

4.2 Kven har ansvaret?

Rektor peikar på ei utfordring han ser meir og meir, og som er ei utfordring i eit gråsonefelt:

Elevar tek med seg nettproblematikk i frå fritid og inn i skulen. Den er i grenseland for når du som skule skal involvere deg i problematikken som er brukt på kveldstid, noko ein kan diskutere i timevis (...) Me hadde ei stygg sak der det var mobbing av to jenter mot ei anna på mellomtrinnet, der saka vart drege med inn i skulen på dagtid. Då må ein jo handtere det der, for elles så vert det ein dominoeffekt med utesetting, blikk og kroppsspråk i skuletida. Så det blir ein del av same saka sjølv om sjølve nettproblematikken føregjekk på fritida.

Her kjem Arvid inn på noko som er kanskje ei av dei største utfordringane med digital mobbing i skulesamanheng. Digital mobbing er eit fenomen som ofte oppstår på andre arenaar enn i skuletida, og at skiljet mellom skuletida og fritidsarenaane i dag er delvis flytande for barn og unge (NOU

2015:2, 2015, s. 80). Derfor, slik som rektor slo fast, kompliserer dette kven som har ansvaret for oppfølging av digital mobbing. Er det ei privatsak eller er det ei skulesak?

Bjarne diskuterte problemstillinga i grupper på personalmøtet dei hadde hatt, same ettermiddag som eg gjorde intervjuet. Det dei kom fram til der, var at det skule-fritidsskiljet som før i tida gjaldt etter skulen slutta, ikkje eksisterer lenger. Dette er fordi det meste skjer på ettermiddag og kveld, men vert drege med på skulen dagen etterpå. Vidare poengterer han at idet elevane tek problemet med seg på skulen og dette vert eit problem for dei og andre på skulen, så er det ei skulesak. Dermed så er dette skiljet der i ferd med å forsvinne.

Det angår oss sjølv om me skal vere varsame med å involvere oss for mykje. Og det der er kjempevanskeleg (Bjarne, kontaktlærar).

Dette sitatet kan ein sjå i lys av det som Opplæringslova (1995) presiserer, at skulen berre kan lage reglar som har verknad etter skuletid, dersom det kan grunngjenvæst direkte inn i skulegangen. Bjarne seier at i dei tilfella med digital mobbing han har hatt i sin klasse, så har hendingane vorte ei skulesak sjølv om det har hendt på ettermiddag, nettopp fordi at elevane har drege det med inn i skulekvardagen.

Den frykta deira for å vere på skulen, dei kvidde seg til å gå på skulen og då er det automatisk ei skulesak. Så då blir det litt annleis. Det er ofte der det ligg (Bjarne, kontaktlærar).

4.3 Førebygging som ein viktig faktor

Å avdekke mobbing er både rektoren og kontaktlæraren samde om at er svært vanskeleg. Rektor meiner derfor at det viktigaste skulen kan gjere i kampen mot fenomenet, er å førebygge. På skulen som deltakarane arbeider ved, har dei sidan hausten 2014 innført eit forbod mot å late elevane nytte mobiltelefon på skulen, så langt det ikkje er avtalt med lærar på førehand. Denne regelen vart innført etter at dei over lengre tid opplevde asosialisering av ein del elevar som gjekk aleine. I tillegg hadde dei ein del uheldige episodar med mobilbruk, der elevar sendte meldingar med ufint innhald til andre. Både *Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)*, *Samarbeidsutvalet* og eit samråystes kollegium stemde for denne ordninga. Dessutan var det ein heil klasse ved ungdomsskulen som heldt framlegg om at dei ynskte dette.

Begge informantane er veldig nøgde med ordninga og føler at den har fungert overraskande bra. Dei meiner at ordninga har hatt ein vinn-vinn-situasjon ved at fleire elevar er aktive og sosialiserer seg meir ute, i tillegg til at dei unngår mobbesituasjonar via mobil på skulen. Fleire skular over heile landet innfører no eit slikt forbod mot bruk av mobiltelefon i skuletida. Hornindal skule er ein av desse skulane, på lik linje med skulen til informantane. Dei meiner òg at dette tiltaket har gjeve mindre mobbing og uro på skulen, samtidig som fleire elevar sosialiserer seg med andre (NRK Dagsrevyen, 2015).

Vi veit jo og at elevar blir mobba gjennom mobiltelefonen. Det skal dei iallfall få sleppe på skulen (Gro Mikalsen Hundeide, rektor ved Hornindal skule).

Sitatet over kan sjåast i samanheng med det Samnøen (2014) peikar på som ei særeigen side ved den digitale mobbinga, at den kan gå føre seg når og kor som helst. Dei elevane som vert utsette for digital mobbing, vil med eit slikt forbod få ein "fristad" på skulen, sidan trakassering via mobiltelefon ikkje lèt seg utføre.

4.3.2 Samarbeid med heim og andre aktørar

Ettersom elevane ikkje får nytte mobiltelefonen i skuletida, vil som sagt heller ikkje den digitale mobbinga gå føre seg her. Den vil heller finne stad på fritida, noko som gjer at eit godt samarbeid med foreldre vert viktig. Både rektor og kontaktlærar er klare i sin tale om kor viktig dette samarbeidet er:

Skal me lukkast så er god dialog med heimen ein nøkkel. Det er heilt essensielt og ufatteleg viktig. Heimen har eit særdeles viktig ansvar når det gjeld digital mobbing, for utan eit godt samarbeid med skule–heim så stangar me hovudet i veggen. Me må prøve å dra i same retning og ikkje vere motpolar (Arvid, rektor).

Det må vere låg terskel for dei å ta kontakt dersom dei er bekymra for noko. Det må den vere for at me skal greie å avdekke noko. Og dersom foreldra då ynskjer at det er noko me skal undersøke litt nærrare, så gjer me sjølvsagt det. Den kontakten er kjempeviktig (Bjarne, kontaktlærar).

Begge desse sitata heng samsvarar med Välimäki m.fl. (2012) sin påstand om kor viktig ein god og

hyppig dialog mellom alle partar er, ved tilfelle som gjeld digital mobbing. Det er avgjerande at alle jobbar ilag med gjensidig kontakt. Då er det *felles* ansvaret viktigast, ikkje *når* ein har ansvar.

Du er anten ein del av problemet, eller så prøver du å løyse det. Det krev eit heilt lokalsamfunn for å oppdra eit barn (Arvid, rektor).

Med dette sitatet meiner rektoren at fleire aktørar må spele på lag i kampen mot digital mobbing, ettersom fenomenet oppstår på fleire ulike fritidsarenaar. Arvid meiner derfor at skule og idrettslag bør spele på lag og ha felles nettvettreglar på til dømes turar. Bjarne har òg klare meiningar om dette. Han seier det er viktig at både skule og dei som er leiarar eller trenrarar innanfor frivillige organisasjonar, samarbeider om å utveksle informasjon. Han understrekar at dei er teiepliktige og at det er avgrensa kva dei kan seie:

Men me kan informera fotballtrenaren, som skal på ein bortekamp, at han bør fylgje spesielt godt med på enkelte og ha eit øye eller øyre ekstra ope for å observere kva som vert sagt. Det er viktig at me er i alle fall har ei felles forståing om kva me skal tillata og ikkje.

Begge er klare på at utan gode relasjonar til heimen så ville ingenting fungert i saker som digital trakassering, noko Post og teletilsynet (2011) omtala ved å framheve at foreldre òg må ta del i ein førebyggande strategi mot digital mobbing. Bjarne er glad for å ha høgst oppegåande og engasjerte foreldre i elevgruppa si, som han kjenner godt. Han seier både ifrå til dei og informerer på foreldremøte om at dei heller må ta ein telefon for mykje enn for lite, noko foreldra følgjer opp:

Eg har hatt fleire samtalar med foreldre der eg har fått informasjon som eg ikkje visste noko som helst om. Lærarar er som regel dei siste som får vite om ting som føregår.

4.3.3 God kommunikasjon med varme og imøtekommande tillitspersonar

Rektor seier at skulen ikkje kan inn å styre verken mobil eller databruk i ein heim, men dei kan anbefale kva som er lurt og ikkje lurt. Lærarane og elevane må vite korleis dei kan reagere dersom dei sjølve eller nokon andre vert utsette for slik trakassering. Dette er Bjarne samd i, og meiner det er noko av det viktigaste ved førebygging av digital mobbing. Han seier at det er heilt essensielt å samtale med elevane om problemet og om kva dei må passe seg for. Her kjem vi inn på det eg snakka om i kapittel 3.2.3, der Staksrud (2013) belyste fleire praktiske grep som skulen kan gjere for å førebygge, for eksempel å samtale med elevane om nettvett.

I slike samtalar trekkjer Bjarne fram dei viktigaste punkta som elevane bør lære seg dersom dei støyter på uønska hendingar. Dette kan til dømes vere å ikkje slette, men heller lagre meldingar eller samtalar med ufint innhald, slik at dei kan takast fram att og brukast seinare. Han fortel om elevar i klassen sin som har vore flinke og trykt på den rette knappen, for så å kome til han med det:

Då er det ikkje lenger ord mot ord. For er det ord mot ord så er det ingen som kjem nokon veg, men har du eit bilete å vise der det ikkje er tvil om kven som har sendt eller vorte sendt til. Då må dei berre leggje seg heilt flate for då har du eit bevis (Bjarne, kontaktlærar).

Dette vert omtala i NOU (2015:2, 2015, s. 84) som noko av det særeigne ved digital mobbing, og der det vert presisert at lagra materiale seinare kan nyttast for å vurdere hendinga. Staksrud (2013) derimot, anbefaler at opplæring i digital kompetanse bør fokusere handteringsstrategiar som blant anna å slette meldingar. Dette vert motstridande i forhold til sitatet over og det som Bjarne poengterer, at elevane bør lære seg å ikkje slette meldingar med ufint innhald, nettopp for å nytte det som bevis seinare. Ei anna særeiga side som må hugsast på i denne samanhengen, er moglegheita ein har for å vere anonym, som då kan gjere det svært vanskeleg å kartlegge deltakarane i mobbesituasjonen.

Dei tilsette ved skulen er pålagde av administrasjonen til å halde eit visst antal timer med nettvettskurs i klassane, nettopp for å bevisstgjere dei om farane på Internett. Då får lærarane sjølve bestemme innhaldet i timane, men dei skal planleggast ut i frå forskjellige nettsider som rektor gjer beskjed om. Han sender i tillegg ut ulike linkar med videosuttar som han meiner at kollegiet bør sjå på.

Bjarne nytta 10-12 timer i fjar på å snakke med gruppa si om temaet, og trekk fram nettsida *Dubestemmer.no* som den mest brukte sida. I tillegg inneholder *YouTube*, *UNG.no*, *Barnevakten*, *Redd Barna* og *Udir.no* bra stoff som kan nyttast som samtalegrunnlag, i tillegg til informasjon om det strafferettslege og lovmessige problemet.

Me må plukke ut det som er aktuelt slik at me kan få i gang ein samtale eller diskusjon i klassen, for å få fram kor mange som har opplevd mykje det same som dei eksempla som me brukar. Og det er skremmande mange som har vore borti dette (Bjarne, kontaktlærar).

Sjølv om dei er pålagde til å bruke berre eit visst antal timer per år på å snakke med elevane om nettvertt, understrekar Bjarne at dette er noko som må gjerast ofte, og helst kvar veke. Lærarar må halde ”poteta heit” heile tida og samtale med elevane om emnet når dei har samtaletid. I slike

samtalar er det viktig å spørje klassen om korleis det går, om det er nokon som opplever trasige ting, og elles ting som opptek dei. Dessutan er det viktig at lærarane heile tida gir beskjed til klassen at dei må kome til dei når det er noko. Välimäki m.fl. (2012) peika på dette som ein viktig metode for å hjelpe dei som blir mobba digitalt: Varme, imøtekommende, støttande og authoritative tilsette ved skulen kan bidra til betre relasjonar med elevane og eit positivt skule- og klassemiljø.

Eit slikt fokus på tillit, openheit og klassemiljø, som Välimäki m.fl. (2012) beskriv som ein viktig førebyggingsmetode, har informantane fleire erfaringar med, og haldninga til. For eksempel så trur Bjarne at det kan vere ein medverkande faktor som har gjort til at han har opparbeidd seg eit flott tillitsforhold til elevgruppa si:

Nokon har faktisk oss som dei aller viktigaste tillitspersonane sine, der dei kjem til oss med ting som dei ikkje tør å fortelje heime. Me er kanskje dei fyrste som får vite om ting. Har du klart å opparbeide deg eit slikt forhold til elevane dine så vert ting mykje enklare. Enkelte ting er vi heilt avhengige av at elevane kjem til oss med, for å greie å avklare situasjonen.

Å opparbeide seg eit tillitsforhold som er skildra i sitatet over, tek tid, og Bjarne trur at fordelen dei har, er at dei er få og små i den store samanhengen. Dei er svært mange som jobbar i kommunen som dei er oppvaksne i, der dei kjenner veldig mange og har ein stor omgangskrins.

Me er i miljøet til elevane heile tida på ulike fritidsaktivitetar og får derfor moglegheit til å observere ein del ting utanom skulen og verte betre kjend med ungane. Elevane blir betre kjend med deg utanfor den lærarrolla du har, og det trur eg er svært viktig (Bjarne, kontaktlærar).

Rektoren er overbevist om at ein god dialog med ungane er viktig for å få greie på episodar som inneheld digitale krenkingar. Det er i tilfelle der elevane sjølve har komme til vaksne tillitspersonar og fortalt om uheldige ting som har skjedd, at det meste har vorte avdekt. Då har elevar komme og vist biletet på mobilen, eller samtaleloggar med krenkande innhald.

Der har me rydda opp i ein del som kunne ha vorte stygt. Då har me skrytt mykje av dei ungane som har kome til oss, og vist dei at det er utruleg viktig det dei gir beskjed om. På den måten har me fått stoppa det og fått informert foreldra og dei andre partane (Arvid, rektor).

4.3.4 Mangel på kunnskap og kompetanse om elevane si digitale verd

Post- og teletilsynet (2011) peikar på ein annan måte å ta tak i nettmobbing på, som handlar om at skulane lærer seg meir om ulike sider og nettsamfunn som elevane nyttar. Både rektor og kontaktlærar ser det som ei stor utfordring å henge med i den digitale utviklinga til elevane.

Denne utviklinga her går så fort at me har store problem med å hengje med i svingane.

Ungane tek dette med ein gang, medan me slit med å lære oss det. Der er nye arenaer heile tida på slike sosiale forum. Eg har ikkje sjans til å fylgje med. Elevane oppdagar jo dei nye arenaane med ein gang og mykje fortare enn oss vaksne då me er ein del treigare i prosessen (Bjarne, kontaktlærar).

Rektoren har same oppfatning av at kollegiet ligg på etterskot når det gjeld kunnskapar om elevane si digitale verd:

Det er jo slik at veldig mange ungar er flinkare på sosiale medium enn dei vaksne, så det kan hende at me må auke kompetansen internt i kollegiet på sosiale medium generelt. For der varierer nivået like mykje som det varierer innan IKT generelt, du har nokon som er på topp og nokon heilt på scratch utan peiling, så det varierer enormt.

Begge sitata over er i tråd med det Välimäki m.fl. (2012) peika på i kapittel 3.2, om kompetansenivået til lærarar innan digitale ferdigheter. Det er altså eit så stort gap mellom kunnskapane til lærarane i forhold til elevane, at det kan verte eit hinder når dei skal hjelpe dei i situasjonar med digital mobbing. Arvid har ikkje satt noko krav til kollegiet på kor god kompetanse dei bør ha innan bruk av sosiale medium, men utelukkar ikkje at det er eit fokus dei burde sett enda sterkare enn dei gjer i dag.

Rektor peika på ei stor utfordring på skulen sin som handla om det å få kollegiet sitt til å handle likt angåande handlingsplanar og rutinar ved digital mobbing. Dette heng saman med påstanden til Välimäki m.fl. (2012) i kapittel 3.2, at for å styrke forståinga av og engasjementet for handlingsplanar ved skular, er det viktig at dei vert utvikla i eit samarbeid mellom alle som er ein del av skulemiljøet. På denne måten får elevane ein tryggheit om at dei tilsette ved skulen konsekvent fylgjer opp rapportering om mobbing. Dette har rektor nyleg diskutert i fellesskap med heile kollegiet sitt, etter at det kom fram i elevundersøkinga for 7-10.klasse at lærarane reagerer alt for ulikt. Målet var derfor å kartleggje felles rutinar for å avdekkje- og fylgje opp digital mobbing. Ei felles forståing for kva det

inneber å ha god dialog med heimen og grensesetjing for språkbruk vart òg diskutert.

Det å få kollegiet til å handle likt overfor uynskt åtferd trur eg er ei utfordring i skulen generelt, og kanskje noko mange skular slit med. Nokon ser og reagerer godt, medan andre ikkje reagerer på same måten. Det handlar om lojalitet overfor det du bestemmer, for du kan ha så mange handlingsplanar du vil, men det er ikkje verd papiret det er skrive på dersom folk ikkje er lojale overfor den (Arvid, rektor).

Me er ulike som personar og me har ulike måtar å reagere på. Derfor må me ta ein diskusjon på kva me må og kva vi klarer å vere like på, framfor å lage flotte skrivebordsplanar som ikkje blir noko av. Dei må vere både realiserbare, gjennomførbare og handterbare, ikkje berre illusjonar og visjonar (Arvid, rektor).

Både rektor og lærar føler at skulen deira har relativt stort fokus på førebygging av digital mobbing. I fjor arrangerte skulen, gjennom *Barnevakten*, eit heildagskurs med ein ekstern førelesar for både foreldre og lærarar. Der var fokuset på nettmobbing og trakkassering via nett, med farar som ein bør vere merksam på. Rektor vil at skulen skal ha fokus på dette kvart år, sidan det er noko som rullar opp heile tida. Dette heng saman med det Välimäki m.fl. (2012) presiserer, som eg belyste i kapittel 3.2, at handlingsplanar og praksis mot digital mobbing vert utvikla i eit samarbeid mellom alle som er ein del av skulemiljøet. Dei må arbeidast med konsekvent og nyttast ved jamne mellomrom. Allereie i vår skal dei ha oppfølging av dette kurset, der dottera til den eksterne forelesaren, som studerer digital mobbing i England, skal vere med og halde kurset.

Det kjem nye elevar, nye utfordringar, nye måtar å mobbe og trakkassere på. Så ein lyt rett og slett vere oppdaterte. Det handlar om korleis du handterer det når det oppstår, og om å førebygge. Du må ha eit godt heim-skule-samarbeid, vere tett på, skape tillit og gode relasjonar som er den viktigaste enkeltfaktoren for å løfte (Arvid, rektor).

5.0 Oppsummering og konklusjon

Gjennom dette forskingsarbeidet har eg undersøkt kva ein lærar og rektor trekk fram som viktige sider ved den digitale mobbinga som gjer den utfordrande å oppdage. I tillegg har eg sett på metodar som kan hjelpe meg som framtidig lærar å jobbe med førebygging av fenomenet. Ved å nytte den kvalitative metoden som utgangspunkt i forskningsarbeidet mitt, har eg fått detaljerte og utfyllande svar som har vore heilt avgjerande for å finne svar på problemstillinga mi.

Eg har peika på ulike sider ved den digitale mobbinga som utfordrar lærarar på fleire måtar. Begge informantane trakk fram utfordringa ved at barn og unge når kvarandre heilt uavhengig av tid og stad, i tillegg til at ein slepp å sjå reaksjonen til den som vert mobba. Dette fører til at ein som lærar både slit med å oppdage situasjonar, i tillegg til at elevar kanskje ikkje tenkjer seg om før dei sender meldingar eller bilete med ufint innhald.

Vidare i oppgåva fann eg ut at skiljet mellom skuletida og fritida for barn og unge er mindre tydleg no enn før, noko som utfordrar spørsmålet om kven som har ansvar, når ting oppstår. Både rektoren og kontaktlæraren var svært klare på at her er det ikkje lenger snakk om ansvarsfordeling, men heller å samarbeide med alle som er involverte i kvardagen til elevane. Dei peika òg på at kontakt med andre fritidsaktørar kan bidra positivt i kampen mot digital mobbing.

Informantane fortalte om fleire sider ved førebygging, som på kvar sin måte har bidrige til, og letta arbeidet med avklaring og handtering ved oppståtte situasjonar. Det å opparbeide seg eit trygt og ope tillitsforhold i klassen, med god kommunikasjon, er ifylgje kontaktlæraren noko som har hatt positiv innverknad og bidrige til at elevane kjem til han når det har oppstått situasjonar med digital mobbing. Begge informantane understrekar at samtalar om åtferd på Internett er noko som konsekvent og ved jamne mellomrom bør nyttast i undervisninga. Samtidig poengterer rektor at kurs og opplæring for kollegiet òg er ein vesentleg faktor i førebyggingsarbeidet, der dei tilsette treng meir kompetanse om den digitale verda til elevane.

Eg opplever å sitje att med mykje god lærdom etter dette forskingsarbeidet, og er no meir enn nokon gong klar over kor viktig systematisk jobbing mot digital trakassering og mobbing er i skulen. Resultata eg har funne i oppgåva mi kjem til å vere svært nyttig for meg og min praksis i læraryrket framover.

6.0 Litteratur

Barnevakten. (2012). *Barn, ungdom og medier*. Oslo: Cappelen Damm

Christoffersen, L., Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag

Grønmo, S. (2004) *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget

Larsen, A. K. (2007). *En enklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget.

NOU 2015:2. (2015). *Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*. Henta 13.03.2015 frå:

https://www.regjeringen.no/contentassets/35689108b67e43e59f28805e963c3fac/no/pdfs/no_ou201520150002000dddpdfs.pdf

NOU 1995:18. (1995). *Ny lovgivning om opplæring*. Henta 05.05.2015 frå:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/7d09fca038a04a419859a40c83103407/no/pdfa/nou199519950018000dddpdfa.pdfNRK>

NRK. *Dagsrevyen* (2015). (Videoklipp). Henta 05.05.2015 frå:

<http://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen/NNFA19042015/20-04-2015 - t=22m35s>

Olweus, D. (1992). *Mobbing i skolen. Hva vi vet og hva vi kan gjøre*. Oslo: Universitetsforlaget

Opplæringsloven. (1998). *Lov om grunnskolen og den videregående opplæringen*. Henta 20.03.2015 frå:

<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Post- og teletilsynet. (2011). *Barn og unge på nett*. Oslo: Post- og teletilsynet

Samnøen, Ø. (2014). *Mobbing på digitale arenaer*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Staksrud, E. (2013). *Digital mobbing. Hvem, hvor, hvordan, hvorfor – og hva kan voksne gjøre?* Oslo: Kommuneforlaget

Tokunaga, R.S. (2010). *Computers in Human Behavior . Following your home from school. A critical review and synthesis of research on cyberbullying victimization*. Tuscon, United States: University of Arizona

Utdanningsdirektoratet. (2013). *Hvordan avdekke mobbing*. Henta 10.05.2015 frå:

<http://www.udir.no/Laringsmiljo/Arbeid-mot-mobbing/Hvordan-avdekke-mobbing/>

Välimäki, M., A. Almeida, D. Cross, M. O'Moore, S. Berne, G. Deboutte, T. Heiman. D. Olenik-Shemesh, M. Fulop. H. Fandrem, G. Stald, M. Kurki & E. Sykollitou (2012). *Retningslinjer for å forebygge digital mobbing i skolemiljøet*. Omsett til norsk ved I.R. Sjursø og H. Fandrem, Nasjonalt senter for læringsmiljø og adferdsforskning, Universitetet i Stavanger. Henta 20.03.2015 frå:

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/SAF/Til%20nedlast/Mobbing-veileder.pdf>

7.0 Vedlegg

7.1 Infoskriv

Hei!

12.02.2015

Eg er student på 3. året ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, der eg går grunnskulelærarutdanninga for 5.-10. trinn. No i vår skal eg skrive bacheloroppgåve, og har valt å skrive korleis ein skule ser på utfordringar rundt digital mobbing. Eg vil undersøke korleis rektor og ein kontaktlærar på ungdomstrinnet opplever digital mobbing på skulen sin, og korleis dei arbeider med førebygging.

Me har fått beskjed på Høgskulen om at skulane I nærområdet opplever stor pågang frå studentar som inviterer til intervju. Derfor lurer eg på om eg kan få intervjuet deg som rektor, i tillegg til ein kontaktlærar på ungdomstrinnet? Kva klasse spelar inga rolle, men læraren bør ha jobba som kontaktlærar I fleire år, slik at han/ho har mest mogleg erfaring innan temaet mitt.

Eg kjem til å halde både skulen og lærarane anonyme, der eg kjem til å nytte fiktive namn på informantane i oppgåva, som ikkje kan sporast tilbake. I intervjuet vil eg bruke taleopptakar slik at eg kan konsentrere meg om sjølv intervjuet framfor å notere, og få med meg alt som vert snakka om.

Tid og stad kan me komme tilbake til når de veit om de kan delta.

På førehånd takk!

Mvh

Marte Hansen Lomheim

majte@hotmail.com

Tlf: 41 21 13 15

7.2 Intervjuguide

7.2.1 Rektor

1. Korleis vil du definere digital mobbing?
2. Er det skilnader på det ein definerer som tradisjonell mobbing og digital mobbing?
Evt. kva?
3. Kva er reglane for mobilbruk på denne skulen? Opplever du at det fungerer?
4. Har du som rektor opplevd situasjonar og utfordringar med digital mobbing? Dersom ja, korleis handterte skulen saka? Er dette ei stor utfordring?
5. Korleis trur du denne typen mobbing går føre seg?
6. Korleis kan ein lærar oppdage digital mobbing?
7. Korleis jobbar de for å førebygge digital mobbing?
8. Meiner du at lærarane/skulen har tilstrekkeleg kunnskap om elevane si digitale verd til å kunne avdekkje denne typen mobbing?
9. I kor stor grad vil du seie skulen har fokus på digital mobbing?
10. Korleis jobbar skulen for å førebygge digital mobbing?
11. Har de nokon spesifikke reglar mot digital mobbing?
12. Kva krav vert stilte til ein lærar ved mistanke om, eller oppdaging av digital mobbing?
13. Har lærarar eller skulen ein handlingsplan spesifikt retta mot digital mobbing?
14. Kor viktig er samarbeid med heimen i slike situasjonar?
15. Når er digital mobbing en skulesak og når er det en privatsak? Finnes det eit tydeleg skilje mellom skule og heim ved digital mobbing?
16. Kvifor vil du seie at det er ein skulesak eller en privatsak?
17. Er digital mobbing eit aukande problem ved din skule? Har du sett ei utvikling i den digitale mobbinga dei siste åra?

7.2.2 Kontaktlærar

1. Korleis vil du definere digital mobbing?
2. Er det skilnader på det ein definerer som tradisjonell mobbing og digital mobbing?
Evt. kva?
3. Kva er reglane for mobilbruk på denne skulen? Opplever du at det fungerer?
4. Har du som lærar opplevd situasjonar og utfordringar med digital mobbing på denne skulen?
 - Dersom ja; korleis handterte du og/eller skulen saka?
 - Dersom nei; trur du nokon av dine elevar har blitt utsatt for digital mobbing?
5. Korleis trur du denne typen mobbing går føre seg?
6. Korleis kan ein lærar oppdage digital mobbing?
7. Kva gjer du som lærar for å førebygge digital mobbing?
8. Opplever du som lærar at du har tilstrekkeleg kunnskap om elevane si digitale verd til å kunne avdekkje denne typen mobbing?
9. I kor stor grad vil du seie at du har fokus på digital mobbing i skulesamanheng?
10. Korleis integrerer du som lærar og/eller denne skulen fokus på digital mobbing i undervisninga eventuelt i skulekvardagen?
11. Kva krav vert stilte til ein lærar ved mistanke om, eller oppdaging av digital mobbing?
12. Har lærarar eller skulen ein handlingsplan spesifikt retta mot digital mobbing?
13. Opplever du at dei tilsette bør få meir informasjon om elevane sin internettbruk?
14. Kan lærarar avdekkje digital mobbing? Dersom ja; korleis eller kvifor?
15. Kor viktig er samarbeid med heimen i slike situasjonar?
16. Når er digital mobbing en skulesak og når er det en privatsak?
17. Finnes det eit tydeleg skilje mellom skule og heim ved digital mobbing?
18. Meiner du lærarar ved denne skulen har god nok digital kompetanse til å følgje opp elevane si digitale utvikling?
19. Er digital mobbing eit aukande problem ved din skule?